



Per Are Eide
Øyna 10
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2190 - 23/36456

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 212/92 Eikanger øvre

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 212/92
Tiltakshavar: Per Are Eide
Ansvarleg søkjar: Per Are Eide

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.03.2023. Vi seier oss leie for at vi ikkje har svart dykk tidlegare.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ikkje sjå at heimelshavarar av eigedom gbnr 212/87 er varsle om planlagd tiltak , de må enten varsle desse heimelshavarane, eller evt. gjere greie for kvifor det ikkje er naudsynt å varsle dei om det planlagde tiltaket jf. plan- og bygningslova § 21-3.
2. Vi kan ikkje sjå å ha motteke teikning som syner eksisterande og ny planløsning for planet som vert utvida, dette må sendast inn før vi kan handsame søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Per Are Eide

Øyna 10

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Per Are Eide

Øyna 10

5913

EIKANGERVÅG